

Saksframlegg

Saksbehandlar: Helga Bjørkhaug, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/1874-1

Val av styremedlemer og styreleiar for Musea i Sogn og Fjordane

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Som styremedlem for Musea i Sogn og Fjordane vert valt:
Varamedlem:
2. Som styreleiar for Musea i Sogn og Fjordane vert valt:
Varamedlem:
3. Som styreleiar for Musea i Sogn og Fjordane vert utpeika:

Oppnemningane gjeld for fire år.

Vedlegg:

Vedtekter for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, vedtekne 20.06.2017.

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

Hovudutval for næring og kultur handsama i møte 26.09.2017 oppnemning av styremedlem og styreleiar til Musea i Sogn og Fjordane. Hovudutvalet gjorde då følgjande vedtak:

1. *Som styremedlem for Musea i Sogn og Fjordane vert valt: Torbjørn Vereide.*
2. *Som styreleiar for Musea i Sogn og Fjordane vert valt: Laura Kvamme.*
Oppnemningane gjeld fram til nyval våren 2019.

Styret for Musea i Sogn og Fjordane har i dag slik samansetjing:

Styremedlemmar

- 1 Laura Kvamme (styreleiar)
- 2 Olve Grotle (nestleiar)
- 3 Hanne Oftedal (styremedlem)
- 4 Arild Bergstrøm (styremedlem)
- 5 Torbjørn Vereide (styremedlem)
- 6 Ingrid Norum (styremedlem - tilsette)
- 7 Steinar Enebø (styremedlem - tilsette)

Varamedlemmar

- 1 Erland Fagermoen (vara for styreleiar)
- 2 Hege Lothe (vara for Olve Grotle)
- 3 Anders Ryssdal (vara for Hanne Oftedal)
- 4 Eli Grete Høyvik (vara for Arild Bergstrøm)
- 5 Hilde Kvamsås Aa (vara for Torbjørn Vereide)
- 6 Ole Fredskild (varamedlem for Ingrid Norum - tilsette)
- 7 Bjørn Fjellheim (varamedlem for Steinar Evebø- tilsette)

Vedtektssending:

I samsvar med tidlegare vedtekter, har dei to styremedlemmane fylkeskommunen skal velje, vorte valde vekselvis annakvart år. Hovudutval for næring og kultur ba i oppnemnings-saka våren 2017, styret for stiftinga gjere endringar i vedtektene, slik at dei to medlemmane fylkeskommunen skal velje, for framtida vert valde samstundes.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane endra vedtektene sine på møte 20.06.2017. Styre har 7 medlemmar, og desse skal veljast slik:

- a) Sogn og Fjordane fylkeskommune vel styreleiar og ein styremedlem med personlege varamedlemmer. Desse skal peikast ut innan 1. mars i valåret
- b) Rådet vel tre medlemmer med personlege varamedlemmer.
- c) To medlemmer med personlege varamedlemmer vert valde av dei tilsette.
- d) Nyval av styremedlemmer gjeld frå 1. mai i valåret.

Styremedlemmene vert valde for 4 år. Styremedlem som har sete samanhengande i 8 år, kan ikkje veljast på nytt. Funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.

Ved fyrste val peikar fylkeskommunen og rådet ut ein medlem med funksjonstid på to år.

Laura Kvamme har site som styremedlem i 8 år og kan etter vedtektene ikkje veljast på nytt. Erland Fagermoen har vore varamedlem sidan 2009, Hilde Kvamsås Aa vara frå 2013.

Konklusjon

Hovudutval for næring og kultur skal velje 2 styremedlemer med vara og peike ut ny styreleiar. Oppnemninga gjeld for fire år.